

Innspel til framtidig organisering av oppvekst i Sauda

I rapporten frå Norconsult der det blir belyst kvalitet, ressursutnytting, kompetanse, læringsmiljø og utvikling i skulane i Sauda, kan ein lese at skuleleiarane opplever låg leiarressurs, at det er krevjande for leiarane å drive pedagogisk leiing. Ein finn og stor variasjon i læringsresultater mellom skulane og internt på skulane. Det er eit godt utvikla kvalitetssikringssystem, men det manglar kapasitet i organisasjonen mellom tilsette og leiing til å følgje kvalitetsutviklingssystema. Skular manglar kompetanse innan enkelte fag. Skular manglar universell utforming, ein har vehlikehaldsslep på fleire bygg. Alle skulane manglar gode rom og funksjonar for elevar med større hjelpebehov.

Desse funna **må** skuleelevane, lærarane og leiinga ved skulane forhalde seg til kvar dag! Her må ei endring til. Løysinga slik er ser det er å samla alle elevane på ein skule.

Ved å samle elevane på ein skule vil ein kunne optimalisere ressursbruken:
Betre utnytting av lærarar sin kompetanse, utstyr og andre ressursar.

Kompetanse

Den faglege breidda blir større fordi ein har fleire lærarar samla på ein skule. Rett kompetanse er avgjerande for god læring. Slik det er no, kan ein oppleve at ein av skulane manglar lærar med kompetanse i å undervise i norsk, mens den kompetansen er å finne på ein av dei andre skulane. Med fleire lærarar i staben kan faglærarar samarbeida på trinnet, slik ein gjer på ungdomsskulen. Der er tre parallelleararar og dei samarbeidar om undervisninga på tvers av klassane på trinnet. Ei særskilt god ordning der ein utnytter kompetansen, elevane får lik undervisning og ein effektiviserer tidsbruken.

Å samarbeide med andre instansar, som i følge rapporten kunne vere mangefull, kan bli lettare å få til med ein lokalisasjon.

Låg leiarressurs

Skuleleiarane som saknar tid til pedagogisk arbeid, får frigjort tid når rammene et tilstades. Kommunikasjonene mellom leiinga og dei ansette blir betre fordi leiarressursen blir styrka. Då frigis det tid til å kunne jobbe med kvalitetssystemet.

Ressursar

Spesialrom kan nyttas av fleire elevar som gir betre utnytting av investeringar.
Utstyr som blir kjøpt inn for å supplere undervisninga kan fleire dra nytte av som gir betre utnytting av investeringar
Nytt bygg kan oppfylle betre krav til sikkerhet og inkludering med at ein har universell utforming.
Fleire av skulane manglar universell utforming, kvar dag er det elevar som ikkje får retten til universell utforming dekkja.

Opplæringslova § 9 A-2 Retten til eit trygt og godt skolemiljø

« Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.
Ein felles skole vil ha fleire elevar, noko som kan gi eit rikare sosialt miljø for vennskap og nettverksbygging. Det kan være spesielt viktig for barn og unge i utviklinga av sosiale ferdigheter. Det er også viktig i forhold til å kunne finne venner. Det kan være lettare når ein har fleire å spele på. Om elevar ikkje finn venner kan det føre til at eleven sitt psykososialt læringsmiljø blir dårleg (forskningsbasert). Forutsetning for god læring er at elevane opplever trivsel. Trivsel er ein av faktorene for eit godt psykososialt læringsmiljø.

Eg oppmodar kommunestyret til å **vedta** ein ny framtidig barneskule.

Eg oppmodar kommunestyret til **IKKJE** å gå inn for forslaget om å endre skulestrukturen mens bygginga av ein ny skule pågår.

Anne Kristine Lie- Nilsen
Adjunkt med tilleggsutdanning.

